

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Dykkar ref.:

202301640Dato: **26.05.2023**Saksnr.: **2023/30421**Dok.nr.: **3**

Sakshandsamar:

Anne Mette Haugen

Sauda kommune - uttak av grunnvatn ved Sønnåhamn til landbasert oppdrett - Sauda Aqua AS - høring av søknad

Vi viser til søknad som vart motteke på høring her 13.04.2023.

Bakgrunn for saka er søknad frå Sauda Aqua AS om løyve til uttak av grunnvatn ved Sønnåhamn, like ved utløpet av Storelva i Sauda kommune. Søknaden har samband med planar om å etablera landbasert settefiskanlegg sør for Eramet Sauda.

Kulturminne og kulturmiljø

Fylkesdirektøren har vurdert søknaden som sektormynde innafor kulturmiljøvern, med omsyn til både nyare tids og automatisk freda kulturminne

Nyare tids kulturminne

Fylkesdirektøren ser ingen umiddelbare konflikter ved uttak av grunnvatn når det gjeld omsynet til nyare tids kulturminne. Vi ønsker på sikt å uttale oss til sjølv akvakulturanlegget si utforming, noko vi legg til grunn blir aktuelt i samband med reguleringsplanprosessen.

Akvakulturanlegget er tenkt plassert inn mot den freda kraftstasjonen Sauda III i Sønnåhamn. Eit sentralt kulturmiljøomsyn vil då vere ei best mulig ivaretaking av siktliner frå vest og inn mot kraftstasjonen. Sjølv små justeringar på bygningsmassa vil, med den tiltenkte plasseringa, kunne gje store utslag for dette omsynet.

Automatisk freda kulturminne på land

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil kome i konflikt med automatisk freda kulturminne. Vi har difor ingen merknader til søknaden på noverande tidspunkt, med omsyn til automatisk freda kulturminne.

Fylkesdirektøren gjer merksam på at sjølv om det pr i dag ikkje er kjente automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet, må ein ved eventuelle funn ved gjennomføringa av tiltaket straks vasle Rogaland fylkeskommune, og stanse alt arbeid inntil rette mynde har vurdert/nærare dokumentert funnet, jf Lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

Kulturminne i sjø og vassdrag

I søknaden kjem det fram at det er planlagt tiltak som inneber kryssing av elva. Saka har difor òg vore oversendt til Stavanger maritime museum som er rette fagmynde og spesialist på maritime kulturminne.

Stavanger maritime museum har i si uttale datert 25.05.2023 varsla at det vil bli naudsynt å gjennomføre ei arkeologisk registrering i området då det er potensiale for til no ukjende automatisk freda kulturminne i vatn. Museet ønskjer å kome i dialog med tiltakshavar på eit tidleg tidspunkt slik at dette kan gjennomførast på ein god og effektiv måte.

Stavanger maritime museum si uttale er lagt ved dette brevet, og vi ber om at den blir lest i sin heilskap.

Omsynet til friluftslivinteresser

Med omsyn til andre interesser fylkeskommunen har ansvar for å vareta, vil vi påpeike at området langs Storelva er registrert som eit særskilt viktig friluftslivsområde. Søknaden inneheld ingen referanser til dette, og heller ingen vurdering av verknadar for friluftslivsinteressene. Dette bør bli nærare avklart, og ved ei eventuell utbygging bør det sikrast at friluftslivsinteressene blir varetekne på ein god måte.

Den aktuelle delen av Storelva er registrert som lakseførande, og vi går difor ut frå at Statsforvaltaren vil kommentere saka med omsyn til dei miljømessige interessene i området.

Helsing
Leif Håvard Lundø Vikshåland
fagleiar

Anne Mette Haugen
rådgjevar

Kopi til:
SAUDA KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I ROGALAND

Vedlegg:
1 Uttak av grunnvatn ved Sønnåhamn til landbasert oppdrett - Sauda Aqua AS -
Uttale Stavanger maritime museum

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.